



Alf Eikevik
Kollåsen 54
5116 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2565 - 19/28315

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.09.2019

Ber om tilbakemelding om utført terrenginngrep - gbnr 99/4 Våge

Kommunen viser til synfaring på gbnr 99/4 Våge den 18.09.19.

På synfaringa var Eirik Berntsen og Tone Furustøl tilstade frå kommunen. Tiltakshavar Alf Eikevik og hans far var tilstades. Nabo på gbnr 99/1, Henry og Elin Fanebust var også tilstades på sin eigen eigedom.

Det vart opplyst frå tiltakshavar at han driv med nydyrking på ca. 1 mål i tunet og skal etablere ein grønsakshage på arealet. Tiltakshavar skal sprengje vekk fjell for å planere kupert areal. Jordmasser som er tatt vekk og som ligg på eigedomen skal tilbakeførast til arealet.

Kommune ber dykk om ein nærare utgreiing om kva for eit tiltak som er igangsatt. Vi ber om ein utgreiing på:

- kor lenge arealet har låge udyrka/vert unytta som landbruksareal,
- omfang av arealet som no skal nyttast
- kva type og storleik på terrenginngrepa det er snakk om
- plan for vidare bruk av arealet og korleis det skal driftast. Storleik på arealet skal illustrerast på vedlagte gardskart.

Vi ber om at arbeidet stopper opp fram til saken er vurdert ferdig frå kommunen si side.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.10.2019.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Vedlegg:

Gardskart - gbnr 99_4 Våge

Kopi til:

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
Elin Tordis Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	LINDÅS
Elin Tordis Holmås Fanebust	Lindåsvegen 2088	5955	LINDÅS
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:

Alf Eikevik	Kollåsen 54	5116	ULSET
-------------	-------------	------	-------